

«23/4675 – innspill til stortingsmelding om villrein»

Hardangervidda grunneigarsamskipnad, HG, er ein paraplyorganisasjon for grunneigarar med medlemmar frå alle dei 7 kommunane rundt vidda.

Heile viddeplatået er på omlag 8.000 km². Opp mot 2/3 av dette er privateigd. Resten av vidda er statsallmenningar, forvalta av eigne fjellstyre, ut frå [Fjellova](#).

[Hardangervidda nasjonalpark](#), saman med Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og Møsvatn Austfjell landskapsvernområde, dekkjer meir enn halvta av vidda. 52% av dette er privat grunn.

Styret i HG ved Hans Myklatun var representert på eit møte arrangert av Hardangerviddatunnelene as på Dyranut Fjellstove 23. september 2023, under temaet «Rein vidde»

På bakgrunn av dette er styret i HG einige om å koma med følgjande innspel til meldinga.

HG er sær s uroa over tilstanden til dyra og kvaliteten på forvaltninga som nasjonen tilbyr villreinstamma på vidda.

Villreinen blir møtt med etter vår vurdering ei feilslått forvaltning som gøt tek der utstrakt bruk av helikopter og snøscooter høyrer til måten å «halde oppsyn» med dyra på, gjeld ved merking, jaging, dersom reinen vil kryssa rv7, observasjon av dyra vinterstid, osv. Hadde ein bonde utført denne formen for forvaltning (les dyremisshandling) på saueflokken sin rett før lammesesonen startar så hadde han for det første fått forbud mot å drive med dyrehald i all framtid samstundes hadde det vanka både bøter og kanskje fengselstraff.

Så dette må det bli slutt på.

Når me veit at Hardangervidda har Europas største villreinstamme som lever på Europas største fjellvidde utan å kunne nytta det beitearealet som ligg unytta nord for rv 7 samt at kondisjon på dyra gir både låge kalvevekter og årlege nedgangar i kalvefødsler, så har me ein jobb å gjera.

Det er forskjellige uheldige faktorar som som virkar negativt inn på reinen sitt liv og levnad.

I denne omgang så vil HG gå innpå to av kjernefaktorane som me som nasjon bør gripa tak og som kjapt kan gi gevinst.

Villreinen må få tilgang til beita nord for rv7 som dei i tidlegare tider alltid har nytta. Her ligg store unytta resursar som ikkje blir tekne i bruk pga den kraftige trafikkauken på vidda sommarstid og høge brøytekanter vinterstid. Og er det ikkje trafikken som hindrar dyra å kryssa vegen så er det forvaltninga som gir oppsynstjenseta tilgang til å bruke av både helikopter og snøscooter for å hindre kryssinga. Denne praksisen må i alle fall stoppast snarast for no er dyra så skremde at dei spring for livet berre dei hører ein motorlyd – **slik oppførde ikkje dyra seg på vidda tidlegare.**

HG er klar over at denne praksisen med å stoppa dyra før dei kryssar rv7 har oppstått pga skrantesjuka men dette må løysast. Fleire moment kan spelast inn her men det aller meste kan løysast med to grep.

1. Det eine, som kan utførast umiddelbart er å setta opp eit viltgjerde ved Hardangerjøkulen nord eller sør for den, då hindrar me (som me er redde for) at viddareinen blandar seg med dyra frå Nordfjella eller omvendt. Samtidig blir beita utnytta. Dette gjerdet kan takast ned att når «faren er over».

Tal HG har fått tak i etter mykje att og fram viser at det er brukt mellom 140 - 200 mill kroner frå 2019 til no for å demma opp for bla skrantesjukeproblematikken og det den har ført med seg. Det blir småpenger å sette opp eit gjerde mot nord. Dette gir ro for dyra ettersom dei kan kryss rv7 når dei vil samtidig som adskillige km2 med beite blir brukte.

2. Det andre er ein tunnel over/under vidda. Det er her presset må leggest inn slik at nasjonen oppfyller kravet frå Europa om å ta vare reinen til reines beste og slik at reinen får nytta heile vidda både sommar og vinter.

Her kan det faktisk koma eit krav frå Brussel før ein veit ordet av det dersom me ikkje kan dokumentera at reinens levekår blir forbetra.

Me skal vera klar over at trafikken på rv 7 Hardangervidda er omlag like stor sommarstid som all trafikk som går gjennom Sogn, dvs over E16 Filefjell, rv 52 over Hemsedal og fv 50 Hol-Aurland, og den vil auka. I 2026 er Hardangerbrua nedbetalt då vert i alle fall ikkje trafikken mindre.

Så konklusjonen til HG og som me meiner bør følgast opp er at det bør settast opp gjerde snarast mot nord og at det må koma ein tunnel for å fullføra oppdraget slik at reinen får attende vidda si.

01.10.2023

Formann

Odd Gunnar Vikan

styremedlem

Hans Myklatun